



# Landbrukskontoret for Austrheim, Fedje og Radøy

Ivar Thorsheim  
Sæbøvågen 353  
5938 SÆBØVÅGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/1771 - 14/6898

Saksbehandlar:  
Toril Marie Mulen  
toril.mulen@radoy.kommune.no

Dato:  
19.06.2014

## Gnbr 89/6 - Kvamme - notat etter møte mellom søkjar og landbruk/kulturminnemynde i Radøy kommune

Vi viser til møte i dag 19.06.2014 mellom Ivar Thorsheim, Bente Hersvik og Toril M Mulen. Vi som var tilstades på møtet som representerer Radøy kommune når det gjeld kulturminne og landbruk er positive til planane dykk har lagt fram i innsendte skisser.

Utav skissene dykk har sendt inn, utav uttalane frå Arild Sætre og Roald Landøy og utav møtet vi hadde i dag forstår vi at dykk ynskjer å ivaretake huset gjennom å ta vare på vernemuren mot sør, og sjå på om den eine laftekassen kanskje kan brukast i ei ny setting som historiefortellande element. Arkitektane Arild Sætre og Roald Landøy har også skrive at det er viktig å ha auge for form og volum slik at ikkje staden blir «nedbygd» i ein ny situasjon. Vi merkar oss at fasaden som er synleg frå vegen vil framstå som slik den er i dag i eit framtidig tenkt bygg. Det ser vi på som positivt.

Vi stiller oss svært positive til at dykk har kome fram til ei konstruktiv løysing der ein søker å ivaretake det som er mogleg å ivaretake i eksisterande bygning, samstundes som bygningen gjennom fornying også tilfredsstillar dagens krav til kjøken og sanitærforhold, og høgd under taket.

Det er i tråd med LNF-føremålet å ha eit våningshus på landbrukseigedommen.

Med helsing

Toril Marie Mulen  
leiar Felles landbrukskontor

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*



**Mottakere:**  
Ivar Thorsheim

Sæbøvågen 353 5938

SÆBØVÅGEN